



Protokoll frå fellesrådsmøte 11. september 2018.

Desse møtte:

Trygve Ebbesvik (leiar), Torbjørn Støylen (nestleiar),
Odd Jostein Drotninghaug (1. vara for kommunal representant),
Irene Hørte Høibakk, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Simen E. N. Myklebust
(2. vara til geistleg repr.) og Arild Sporsheim (kyrkjeverje).

Forfall:

Anne Karin Watters (kommunal repr.), Svein Runde (geistleg repr.) og
Erlend Lunde (1. vara til geistleg repr.).

F-sak 11/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent med merknad om møte med ordførar og rådmann den 9. aug. (ikkje 9. sept.).

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 12/18 Protokoll frå fellesrådsmøte 10. april 2018

Vedtak:

Godkjent utan merknad

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 13/18 Budsjettgjennomgang

Kyrkjeverjen orienterte om den økonomiske situasjonen pr. 31.08.2018.

Vedtak:

Kyrkjeleg fellesrådet tok det til vitande.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 14/18 Søknad om kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2019

Kyrkjeverjen orienterte om saksframleggget.

Meirforbruk

Som tabellen nedanfor viser er rekneskapshistoria til Sykylven kyrkjelege fellesråd sidan år 2009 prega av meirforbruk/underskot.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2017 viser dermed ein negativ saldo på heile kr. 378 502,-.




DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven kyrkjelege fellesråd

Årsresultat 2009-2017

Drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard.

<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
Rammeløying: kr 3 564 000	Rammeløying: kr 3 531 592	Rammeløying: kr 3 629 000	Rammeløying: kr 3 629 000	Rammeløying: kr 3 629 000	Rammeløying: kr 3 829 000	Rammeløying: kr 3 933 000	Rammeløying: kr 3 933 000	Rammeløying: kr 3 933 000
Årsresultat: kr -79 493	Årsresultat: kr -77 030	Årsresultat: kr 25 605	Årsresultat: kr -23 492	Årsresultat: kr 58 167	Årsresultat: kr -119 046	Årsresultat: kr 40 429	Årsresultat: kr -157 211	Årsresultat: kr -142 674



Udekka underskot pr. 31.12.2017 = kr 378 502

Lån frå kyrkjelydane sine innsamla midlar

Sykylven kyrkjelege fellesråd har med andre ord ingen kapital/likviditet i seg sjølv. Dette har vi i kraft av lån frå sokneråda. Vi kan difor presentere det udekka underskotet som eit disposisjonsfond med negativ saldo. Dette ved at vi har lånt eit tilsvarande beløp frå Ikornnes sokneråd og Sykylven sokneråd sine fond med innsamla midlar.

Manglande midlar til løns- og prisjustering

Oppgangen frå år 2014 til 2015 skyldast etterbetaling for lønns- og prisvekst og i tildelingsbrevet frå kommunen stod det følgjande: «Tilskotet til Kyrkjeleg fellesråd har vore fryst frå år 2010 tom år 2014. I budsjett for år 2015 vart det lagt inn midlar til lønns- og prisjustering etter den kommunale deflatoren (satsen staten nyttar ved vidareføring av løyvingar).». Men som tabellen ovanfor viser har tilskotet på nytt vore fryst t.o.m. inneverande års (2018) tildeling på kr. 3 933 000,-.

Slutt på rammefordeling til 25% løn av ungdomsarbeidar

Eit av satsingsområda til kyrkja er ungdomsarbeidet. I samband med dette har vi fram til år 2017 fordelt ein del av den kommunale ramma til 25% løn av Ungdomsarbeidar. Denne fordelinga har si historie tilbake til kommunens og politikaranes konkrete tiltak for å førebygge nye tilfelle av overdose blant bygdas ungdomar. Av ulike arbeidsoppgåver til denne ungdomsarbeidaren kan nemnast; Open Storhall, Alternativ Rus(s) og MOT Sykylven. Utfordringa for Sykylven kyrkjelege fellesråd er at desse midlane ikkje er «friske» pengar gitt som ekstra løyving, men er baka inn kommunens rammetilskot til drift av administrasjon,

Postadresse:
Kyrkjevegen 24
6230 Sykylven

Besøksadresse:
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 24
6230 Sykylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130
E-post: post@sykylven.kyrkja / kyrkjeverje@sykylven.kyrkja
Heimeside: www.sykylven.kyrkja.no
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315



kyrkjer og gravplass. Vi viser til fleire møter med økonomisjef Bergstrøm og tidlegare rådmann Lillestøl og fungerande rådmann Molvær Grimstad med melding om at vi ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet. Vi viser også til at dette ikkje er ei lovpålagt oppgåve for Sykylven kyrkjelege fellesråd.

Revidert budsjett 2018

Hovudpunktet for eit budsjett i ballanse er:

1. Kr. 150 000,- (til 25% løn ungdomsarbeidar) er ikkje trekt ut lik tidlegare år. Viser m.a. til samtalar med rådmannen der ho seier at SKF ikkje er forplikta til å overføre dette beløpet til 25% løn ungdomsarbeidar.
2. Kr. 300 000,- til investering er inntektsført mot kontonummer 18301, men bruken av desse (kontonummer 12001) er justert ned til kr. 205 374,50,-. Dette for å forsvare ei nedbetaling av tidlegare års meirforbruk/underskot (jf. neste pkt.) Viser til manglande utbetaling av investeringstilskot 2016 som mandat for å gjere dette.
3. Samla gjeld ved inngangen til 2018 er kr. 378 502,-. Dette er budsjettet nedbetalt over 4 år, med kr. 94 625,50,- pr. år.

Uløna/frivillige medarbeidrarar

Dei lovpålagte oppgåvene til Sykylven kyrkjelege fellesråd er prega av uløna/frivillige medarbeidrarar. Vi har mellom anna erstatta ei 10% kyrkjetenarstilling med til saman 11 frivillige kyrkjetenarar i begge kyrkjene. Sameleis er det inngått ein arbeidsavtale med ein frivillig økonomimedarbeidar i om lag 20% stilling. Effekten av desse uløna medarbeidrarane meiner vi blir synleggjort i KOSTRA-tala frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) som viser at talet på løna tilsette pr. 1000 innbyggjar er ein god del lågare enn kommunar vi kan samanlikne oss med.

Mange ulike bygg og vedlikehaldsprosjekt har også blitt gjennomført med bruk av frivillige/uløna medarbeidrarar, samt ulike lag og organisasjonar.

Soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt

Vidare er forvaltninga og drifta av kyrkjene også i sterk grad prega av økonomiske bidrag frå både Ikornnes sokneråd og Sykylven sokneråd. Dette gir seg direkte utslag i kyrkjenes både utsjånad og funksjonalitet.

Kostnadseffektiv drift med kvalitet

Mellan anna med bakgrunn i det vi no har nemnt kan Sykylven kyrkjelege fellesråd formidle at forvaltninga av kyrkjekontoret/administrasjonen, kyrkjene og kyrkjegarden blir utført på ein svært kostnadseffektiv måte. KOSTRA-tal underbygger dette ved å vise at Sykylven kommune gir eit lågare rammetilskot til Den norske kyrkja enn samanliknbare kommunar.

Tilbakemeldingane frå publikum er mange og i all hovudsak svært positive. Dermed kan vi med stoltheit også vise til at leverer kvalitet på våre varer og tenester.

Kyrkjene som kulturbrygg

Kyrkjene i Sykylven er i stor utstrekning brukt til konserter og andre kulturelle arrangement. Vi kan mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. P.t. øver desse kora fast ein gong i veka i kyrkjene: Jubasong, Sykylven Gospelkor, Veldalskoret og Hudeidvik blandakor. Dette



i tillegg til kora i regi av kyrkja sjølv.

Kyrkja som viktig aktør i folkehelsearbeidet

Som dei ulike punkta ovanfor også viser har svært mange av kommunens innbyggjarar ulike tilknytningar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas helse og trivsel. Dette kan seiast å være viktige faktorar i det førebyggande arbeidet, men som i utgangspunktet er vanskeleg å måle/talfeste.

Budsjett 2019

For 2018 leverte vi ein rammesøknad på kr. 4 601 352,-. Fråtrekk for 25% løn til ungdomsarbeidar er kr. 150 000,-. Med tillegg for lønns- og prisvekst (3%) blir dette kr. 4 584 893,- for år 2019.

Vedtak:

Sykylven kyrkjelege fellesrådet gjorde i F-sak 14/18 vedtak om å søke om ei løyvinga på til saman kr. 4 584 893,- i kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard 2019.

Fordelinga av ramma:

- kr. 3 667 914,- til drift kyrkjer og kyrjekontor. (fordelt 65/35)
- kr. 916 979,- til drift kyrkjegard. (20% av ramma)

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

F-sak 15/18 Innspel til leiarsamtale

Denne saka vart tatt til slutt i møtet, utan kyrkjeverjen til stades.

F-sak 16/18 Minnelund

Fellesrådsleiaren informerte om saka og viste til saksprotokollen (PS 33/18) frå møtet i Sykylven kommunestyre den 14.05.2018.

Vedtak:

Sykylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek på seg oppdraget med å utgreie oppretting av ein minnelund på gravplassen i Sykylven. SKF vil sjå dette i samanheng med behovet for ei utviding av gravplassen innan om lag 2028 (10 år).

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.



DEN NORSKE KYRKJA

Sykylven kyrkjelege fellesråd

F-sak 17/18 Tilsetting av ny organist i 20% stilling

Kyrkjeverjen informerte om at Trine Ramnefjell har sagt opp stillinga si som organist i 20% stilling i Sykylven-Ikornnes. Ho blir verande i teneste ut året 2018.

Vedtak:

Administrasjonsutvalet til Sykylven kyrkjelege fellesråd får i oppgåve å lyse ut og tilsette ein ny person i denne organiststillinga innan utgangen av året 2018.

Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.

Orienteringssaker:

- Møte med ordførar og rådmann (9. aug.) vedr. E-feltet
- Eittåring – Ruben Bjåen
- Deltidsstudie i kristen sjelesorg for Katrine Numme
- Avtropande uløna økonomimedarbeidar, Torbjørn Støylen, (ved årsskiftet).

Neste møte: 4. desember 2018

Ref.:

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Sign.: _____
Leiar

Sign.: _____
Nestleiar